

## PLAN FOR FORVALTNING AV HJORTEVILT I SOGNDAL KOMMUNE 2015 – 2018

Planen er heimla i forskrift om forvaltning av hjortevilt § 3. *”Kommunen skal vedta målsetjingar for utviklinga av bestandene av elg, hjort og rådyr der det er åpnet for jakt på arten(e). Målene skal blant annet ta hensyn til opplysningar om beitegrunnlag, bestandsutvikling, skader på jord – og skogbruk og omfanget av viltulykker på veg og bane.”* Planen kjem i staden for eks. plan for forvaltning av hjortevilt i Sogndal kommune 2011 – 2015.

Viltforvaltninga er regulert av lov om viltet av 29.05.1981. I kapittel 1 : formål og omfang § 1 heiter det at : *” Viltet og viltets leveområde skal forvaltes slik at naturens produktivitet og artsrikdom bevarer. Innenfor denne ramme kan viltproduksjon høstes til gode for landbruksnæring og friluftsliv.”*

Status:

| år   | tal tildelte<br>fellingsløyve | tal felte<br>hjort | fellingsprosent |
|------|-------------------------------|--------------------|-----------------|
| 2005 | 555                           | 351                | 63              |
| 2006 | 552                           | 386                | 62              |
| 2007 | 603                           | 449                | 74              |
| 2008 | 922                           | 558                | 60              |
| 2009 | 821                           | 504                | 61              |
| 2010 | 911                           | 562                | 61              |
| 2011 | 931                           | 500                | 53              |
| 2012 | 919                           | 439                | 47              |
| 2013 | 884                           | 451                | 51              |

I 2013 vart det felt 451 hjort. Stipulert gjennomsnittleg slaktevekt på 50 kg pr. dyr gjev 22550kg kjøtt. Med ein salspris på kr. 70,- pr. kg gjev dette ein kjøttverdi på omlag 1,5 mill kroner i Sogndal. I tillegg kjem jaktverdien som ofte vert sett til kr 7.000,- pr. dyr (3.1 mill) og inntekter frå overnatting, mat, guiding, kursing m.m.. For nokre grunneigarar er hjortejakta ei viktig næring, - mens det handlar om fritidsaktivitet og matauk for dei aller fleste jegerane i Sogndal.

Det er eit overordna mål at forvaltninga skal vere grunneigarstyrt. Vi har no 5 storvald som har vore tildelt løyve etter bestandsplan. Dette er Fjærland storvald med 87.200 da, Sogndal storvald med 130.623da, Kaupangerhalvøya storvald med 76.719da, Kaupanger hovedgård med 39.736da og Amble gard med 23.028da. Vi har og 14 vald som ikkje er med i storvald. Areal for desse småvalda er i alt 50.829 da. Totalt i Sogndal er det godkjent 408.135da teljande areal.

Vi er no med i hjorteforvaltningsprosjektet som har til hensikt å organisere grunneigarane og arbeide for grunneigarstyrt forvaltning kring heile bestand.

Hjorteutvalet består av personer valde frå dei ulike sonene.

Valdansvarlegmøte fungerer som kontaktpunkt mellom kommune og vald og vert halde ein gong om våren.

Kommunen tildeler kvote til valda etter bestandplan utarbeida for eit bestandsplanområde og etter minsteareal. Minsteareal vart endra våren 2010 og er 400da i sone 1,3,4 og 5, 500da i sone 6 og 7 og 600da i sone 2.

Direktoratet for naturforvaltning har pålagt jegerane å føre sett- hjort skjema. Dette gjev grunnlag for å vurdere bestand i ulike område og vert nytta i samband med fastsetting av minsteareal og tildeling av kvote.

Sogndal kommune har i 2014 fått utført vårteljning i Kaupanger av Utmarksressurss as. Kommunen vurderer om ein skal halde fram med slik vårteljning.

I Sogndal er det for tida bra med ettersøksekvipasjer og eit velfungerande lag med 7 aktive ekvipasjer som dekker heile kommunen. Ettersøkslaget gjer avtale med jegerane i samband med jakta. Ettersøkslaget har avtale med kommunen om søk i kommunal regi og i samband med påkøyrslar og andre vilthendingar.

Dei lokale skytterlaga arrangerer skyteprøven og gjer eit viktig arbeid med skytetrening og innskyting av våpen.

Sogndal kommune har over år kjøpt tenester til jakttoppsyn frå Luster kommune.

Det er registrert trafikkskader ved fleire område i kommunen. Det er mange påkøyrde dyr i området Valeberg – Glattkøyringsbana.

Hjort beiter på innmark over heile kommunen, unnateke der det er oppsett hjortegjerde. Problemet er heilt klart størst i Kaupanger på vårparten.

Viltfondet er heimla i forskrift om kommunale viltfond og fellingsavgift for elg og hjort. Føremålet med viltfondet er å skape økonomisk bakgrunn for å fremje viltforvaltninga i kommunen. Fondet kan nyttast til å fremje viltforvaltning, styrke kunnskapen om viltet, jaktorganisering m.m. i kommunen og nabokommunar gjennom samarbeid, i regi av organisasjonar, einskildpersonar eller kommunen. Det kan og nyttast til å dekke kommunen sine utgifter til ettersøk og handtering av skadd vilt og fallvilt og til tiltak for å førebyggje skader på landbruksnæring voldt av hjortevilt. Fellingsavgifter skal krevjast inn for felte dyr. Viltfondet kan og nyttast til kursing av sentrale personar innan hjorteviltforvaltninga t.d. medlemmer i hjorteutvalet m.fl.

## PLAN

Sogndal kommune har som mål å ha ein bestand av hjortevilt, i hovudsak hjort, som er tilpassa den naturlige næringstilgangen, som er i god kondisjon og som medfører minimale skader på jord, skog og andre samfunnsinteresser. Hjorteviltbestanden skal vere til nytte og glede for grunneigarar, jegerar og ålmenta. Hjortebestanden i Kaupanger er stor og medfører mykje innmarksbeiting, nokre påkøyrslar og ulempe i bustadfeltet. Det må vere eit mål å redusere bestanden i Kaupanger i planperioden. Dette må gjerast med uttak av fleire hodyr og auke totaluttaket. Samstundes ynskjer ein å auke bestanden i Fjærland. Her bør ein halde på ein jamn fordeling av hodyr og hanndyr i uttaket og halde tildelingane nede i ein periode. I området til Sogndal storvald m.m. er det lite rapportering om ulempe med hjort og der bør ein halde stamma på dagens nivå. Kommunen ynskjer at eventuell føring av hjort vert utsett til

etter jaktperioden, dvs. etter 23. desember. Dette fordi utlegging av fôr vert sett på som eit lokkemiddel.

Etter rapportering om rådyr og elg i 2013 og sette rådyr i Leikanger i 2014 bør kommunen endre forskrift om jakt slik at det kan vere jakt på rådyr og elg framover. Det er lite ynskjeleg at det vert større bestand av rådyr og elg i Sogndal med tanke på skadepotensiale på skog og frukt.

Kommunen ynskjer å halde hjortestamma i kommunen på 2008 – nivå , dvs. sett hjort pr. jegerdag under 1,0, sett kolle pr. bukk under 1,8 og sett kalv pr. kolle mellom 0,5 og 0,7.

#### Strategi:

1. Godkjenne bestandsplanar som er i tråd med kommunale målsettingar.
2. Overordna styring frå kommunen for å fremje human jakt og god organisering og halde bestanden på eit berekraftig nivå.
3. Legge til rette for grunneigarstyrt forvaltning.
4. Endre forskrift om jakt i Sogndal kommune før våren 2015.
5. Samarbeide med:
  - grunneigarane gjennom hjorteutvalet
  - kommunane i Indre Sogn
  - Sogndal ettersøkslag
6. Halde fram med bruk av jaktoppsyn
7. Nytte viltfondet til:
  - ettersøk etter påkøyrslar og andre kommunale søk
  - innleige av jaktoppsyn
  - hjorteforvaltningsprosjektet
  - auke kunnskap og interesse for vilt og viltforvaltning
  - tiltak som kan verne om og fremje viltinteressene
  - andre gode tiltak knytt til viltforvaltning